

Moglegheiter  
for alle



Vik Høgre

# Valprogram

2023–2027

Når me no går inn i ein ny valperiode med nye utfordringar og nye lokalpolitikarar, kan det vera greitt å sjå attende på kva saker Vik Høgre har arbeidd med og kva me har fått til. Den siste valperioden har me hatt eit fruktbart samarbeid med Arbeidarpartiet der Høgre har stått i vippeposisjon og såleis hatt avgjerande påverknad i viktige saker. Dette gjeld:

- Starta arbeidet med bygging av nytt helse- og omsorgssenter
- Reduksjon av eigedomsskatten frå 4 til 2 promille
- Halvering av foreldrebetalinga for barnehage, SFO og kulturskule
- Fornying av barnehagane i Feios og Fresvik
- Planleggingsmidlar til opprusting av Fjordavegen
- Utlegging av arealplanen til ferdighandsaming

## **I den neste valperioden vil Vik Høgre nytta sin politiske påverknad ut frå følgjande ståstad:**

### **Helse og omsorg**

Ei overordna målsetjing vil vera å fullføra byggeprosjektet med nytt helse- og omsorgssenter. Kommunen må vera i stand til å gje hjelp og tryggleik til alle der psykiatri, rus og demens må få ekstra merksemd.

### **Oppvekst**

Kvalitet og innhald må stå sentralt i skule og barnehage. Gode og trygge læringsmiljø utan plaging og utfrysing vil vera viktig. Dei tilsette i skule og barnehage må vera høgt kvalifiserte og ha rett utdanning i høve til dei faga dei skal undervisa i.

## Klima og miljø

Vik kommune må vera ein berekraftig kommune. I praksis betyr dette at kommunen må stilla klima- og miljøkrav i plansamanheng og bidra aktivt til å støtta klimavennlege omstillingstiltak både i offentleg og privat sektor. Grønkomposteringsplassen på Hesjaslettet må klargjerast til bruk no.

## Skattar og avgifter

Vik Høgre vil arbeida for å fjerna eigedomsskatten på bustad- og fritidseigedommar. Vidare vil me arbeida for å halda avgiftsnivået nede. Dette vil gjera kommunen meir attraktiv som bu- og arbeidsområde, særleg for nyinnflytta og for menneske i etablerarfasen. Vik Høgre ønskjer også å redusera eigedomsskatten på verk og bruk ved å innføra botnfrådrag.

## Samferdsel

Ein føresetnad for å byggja ei levande bygd er stabil, open kommunikasjon med omverda. Kommunikasjon omfattar i dette høvet fysiske ferdselsårer så vel som internett og fibersamband. Vik Høgre vil arbeida for å sikra tilstrekkeleg rutesamband både til lands og på fjorden, samt gode og trygge vegar som gjev grunnlag for busetnad, vekst og utvikling i heile kommunen.

## Kultur og idrett

Berebjelken innan kultur og idrett er frivillige lag og organisasjonar. Vik Høgre ønskjer å stimulera dei frivillige kreftene slik at det gode inkluderingsarbeidet kan halda fram, og leggja til rette for aktivitet og trivsel i alle delane av kommunen. Kommunal drift av kulturskulen må ha som målsetjing å gje tilbud i heile breidda i musikk, dans drama, kunst og handverk. Kyrkja er også ein viktig kulturberar, og Vik skal ha velhaldne kyrkjer og kyrkjegardar.

## Næring

Å stimulera næringslivet er ei av hjertesakene til Høgre. Her har kommunen ei viktig rolle: Tomme næringsbygg må fyllast med ny aktivitet, og det må vera tilgang på næringsareal og læreplassar i alle bygdelag. Vik Høgre vil utnytta synergieffekten i næringslivet ved å etablera næringsklynger både for eksisterande og nye bedrifter. Reiselivet har eit stort potensiale i Vik, og me vil arbeida for å ta ut dette potensialet i samarbeid med lokale og eksterne aktørar.

Dyrka jord er ein viktig ressurs som me må ta vare på. Vik Høgre vil arbeida for å stimulera og vidareutvikla landbruket som næring, der vidareforedling av råvarer får auka fokus. Eit naturleg utgangspunkt er at råvarer frå gardane i Vik blir vidareforedla innanfor kommunegrensene.



## Valliste Vik Høgre

1.	<b>Marta Sofie Vange</b>	<b>1948</b>
2.	Morten Midlang	1959
3.	Siri Fjellanger	1962
4.	Ingvar Vangsnes	1952
5.	Odd Arne Brimsøe	1974
6.	Stig Liljedahl Sætre	1996
7.	Elisabeth Fjellanger Fosse	1992
8.	Rune Lee	1959
9.	Marit Pettersen	1945
10.	John Kristian Bettum	1965
11.	Ragnvald Grov Sjørdal	1968
12.	Dagfinn Otterskred	1953
13.	Gunvor Grov	1942

**Stem Høgre – Det betyr noko for deg om Høgre får medverknad i styring av Vik kommune!**

**GODT VAL!**

Moglegheiter  
for alle

Høgre 